

Referat frå møte i SU, samarbeidsutvalet, ved Leikanger barneskule 13.04.2021

Desse møtte: Christian Haugen, Bjørnar Aaland Eggum, Siri Randen, Siv Anette Slinde Thorsnes, Anita Instefjord og Ivar Husum.

Saker:

1. Orienteringssaker.
 - Ressursfordelingsmodellen tilseier at me får færre tilsette. Men me veit ikkje pr no om me kan ta dette ned gradivs eller alt med ein gong.
 - Utviklingssamtalar kan ein ta på Teams eller ved oppmøte på skulen. Lærarane avgjer korleis dei ønskjer å gjere dette for sin klasse.
 - Manglar fleire ting på heimesida. Dette må skulen gå gjennom og få lagt ut dei tinga som manglar, td referat frå SU, ordensreglar...
 - Ønskjer å få inn ulike instansar på heimesida: helsesjukepleiar, fysioterapeut...
 - Ny rektor er tilsett ved barneskulen. Dette vart Ivar Husum

2. Ordensregar LBS
 - o Desse vart godkjende med nokre endringar som no er gjort
 - o Ordensreglane blir lagt ut på heimesida

3. 17. mai
 - o Me har diskutert i elevrådet korleis skulen kan bidra
 - o Representantane skal ha idemyldring i klassane om kva me kan gjere
 - o Nytt elevråd der me bestemmer kva me går for etter tilbakemeldingane frå klassane
 - o Akkurat no trur me ikkje det vert vanleg 17. mai i år heller

4. Sommarfesten blir mest truleg avlyst i år.

5. Ymse
 - o Ingen saker

Ivar Husum,
ref.

